



Foreldre og førelsette

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2114 - 19/25537

Saksbehandlar:

Irene Hystad Hugaas

irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

09.12.2019

Informasjon om fritak frå opplæringa

Vi har starta med aktivitetar og førebuingar til program på adventsamlingar og julegudsteneste i desember. I den anledning vil eg opplyse om elevar og foreldre sin rett til fritak frå utøving men ikkje kunnskapsinnhaldet i opplæringa. Innhaldet i opplæringa kjem fram av vekeplanane for klassane. Det er viktig at kontaktlærer får skriftleg melding på førehand.

Jmf. Opplæringslova § 2-3 a. : Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa:

Skolen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikre retten til likeverdig opplæring. Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum. Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæringa om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen(/..)

Skulen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen. Skuleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Tysdag 17.desember er det tilbod om skulegudsteneste i Meland kyrkje kl. 9.00. Vi skal ta buss til kyrkja. Vi har eit alternativt opplegg på skulen med juleforteljingar og juletradisjonar i Noreg, tilpassa for elevane. Rektor sender ut påmeldingsskjema digitalt med lenke på sms til påmelding.

Med helsing

Irene Hystad Hugaas
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Foreldre og førrelsette